

Kaptein Sprød i trøbbell!

10.06.2017



Brann, røyk og smell i Storsund.

Like før klokka halv eitt laurdag middag vart det oppdaga brann og røyk ved ei skøyte i Storsund. Det vart også høyrte smell. Det heile verka dramatisk utan at underteikna klarte å få oversikt over situasjonen. Folkemassane som var på Aktivitetsdag i båthamnsområdet trekte mot Sandakaien for å få betre oversikt over situasjonen.



På veg til kai.

Røyken og brannen varte ved, og vi høyrde nye smell. Brått sette skøyta kursen mot Sandakaien så fort motoren klarte driva den. Då skøyta nærma seg land, kunne vi sjå at det var Fjorden Cowboys, skøyta som tidlegare var i Lothepus si eige, men som no er kjøpt av ein husnesing. Då skøyta var nær land, såg alle at det

var piratar om bord og det vart ein noko nervøs stemning på land. Sjølv Magne Huglen vart uroleg, for han tenkte på pengeista si. Han trekte seg til sides og søkte råd hos Geir Nilsen som han visste hadde erfaring med piratar frå tida han sigla på dei 7 verdenshav. Dette roa Magne.

Men det var ikkje noko å frykta. Den ubestridde leiaren , kaptein Sprød, hadde stått høgt med oversikt over situasjonen, trudde han. Men då han skulle på land, fekk han seg ei overrasking. Sigurd Børve, frå vårt utmerka lensmannskontor, møtte i full uniform og sette kaptein Sprød i lenkjer i det han kom på land. Piratane var nemleg melde fordi dei ikkje hadde betalt for Lothepus-skøyta. Deretter vart han og piratane ført mot båthamnsområdet fulgt av ein tett folkemasse. Ved møteplassen, Den Blå Stolen, vart det forhandlingar med politibetjent Børve. Her vart resultatet at dersom dei fann ein pengeskatt slik at dei kunne betala løysepengar, skulle dei sleppast fri.

Med god hjelp av den store hjelpsomme barneflokket bar det ut på skattejakt. Undervegs fekk dei gode tips av nokre kloke spåkoner. Eg kjenner ikkje til detaljane, men eg trur dei fann skatten nedgraven i stranda, og slik løyste den dramatiske saka seg.



Kaptein Sprød trur han har oversikten!



Klar til å gå på land.



Kaptein Sprød vert lagt i jern av politiet.



Forhandlingar pågår.



Tips frå spådamene var til god hjelp.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland